

#47421 Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom

SØKNADSINFORMASJON

Søknadsid	47421
Innsendt av	NINA RANDAL
Sist oppdatert	18.12.2017
Søker	Meland kommune
Utlysning	Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom 2018

INFORMASJON OM TILTAKET

Navn på tiltaket	Aktiv sommar i Meland
Oppfyller søknaden kravene i punkt 1b) i regelverket og skal sendes direkte til Bufdir?	Nei
Velg kommune dere søker gjennom	Meland kommune
Søkers kontonummer	15031883722
Kort beskrivelse av søker	Meland frivilligsentral er ein kommunal eigd sentral. Sentralen jobbar for å rekruttere til frivillig innsats, etablere nye tilbod og synleggjere lag og organisasjonar i Meland kommune. Dagleg leiar ved sentralen er kontaktperson for nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom i Meland, og har knytta til seg ei knutepunktsguppe sett saman av representantar frå ulike førebyggjande tenester i kommunen.

Har dere søkt om eller mottatt andre statlige midler til tiltaket? Nei

Har dere fått støtte til tiltaket gjennom denne tilskuddsordningen tidligere? Ja

Hva søker dere om tilskudd til?

Tiltak som bidrar til deltakelse for barn og ungdom berørt av fattigdomsproblemer på alternative mestringsarenaer

Skal dere ha aktivitet for målgruppen i noen av skolens ferier? Ja

I hvilke ferier skal dere ha aktivitet?

Sommerferie

BESKRIVELSE AV TILTAKET

Hva er målsettingen med tiltaket? Aktiv sommar i Meland er ei videreutvikling og utviding av tidlegare tiltak "Sommaraktivitetar i Meland". Målsettinga med tiltaket er å gje barn og ungdom i målgruppa eit aktivt tilbod og ein sosial møteplass i ferien, der dei deltek på lik linje med andre barn. Ved hjelp av ei knutepunktsguppe sørgar vi for at barn i målgruppa får sikra plass på ferie aktivitet der dei deltek på lik linje med andre barn. Knutepunktsgruppa er sett saman av representantar frå ulike førebyggjande tenester i kommunen. Vi veit av erfaring at vi når barn i målgruppa. Erfaring frå sommaraktivitetane i 2016 og 2017 viser at vi hadde opp til 20 barn i målgruppa på dei ulike tiltaka pr dag. Lag og organisasjonar i Meland vil stå for mange av aktivitetane. Meland Frivilligsentral organiserar og koordinerar tilbodet. Dette er ein god arena for å synleggjera aktivitetar og å inspirere barn som fell utafor av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer. Slik jobbar vi bevisst mot å gje barn og ungdom i målgruppa mulighet til å delta i fritidsaktivitetar som gjer at dei blir inkludert i fellesskap og opplever å høyre til og mestrings. Jmf Fritidserklæringa.

Tiltaket bygger på "Fritidserklæringen" og har sosial inkludering som overordna mål.

Beskriv aktivitetene dere skal gjennomføre

- Aktivitetane skal gjennomførast i juli 2018:
- 2.juli - Lær å padle med Nordhordland padleklubb. Alder 1 - 7 klasse
 - 3.juli - Aktivitetsdag på Fossemymra. Ulike aktivitetar som klatring, fotball, frileik etc. Idrettslaget Kvernbit. Alder 1-7 klasse
 - 4.juli - Sjø og land hand i hand. Trekke krabbeteiner, geocaching, grille etc. Nordhordland turlag og Litlebergen båtforening. Alder 1-7 klasse.
 - 5.juli - Tur, leik og aktivitet i Ungdomshuset. Ungdomslaget Von. Alder 1-7 klasse
 - 6.juli - Rognappen, fiske, toving, lage tau etc. Holsnøy kystlag og Nordhordland husflidlag. Alder 1-7 klasse

 - 10.juli - Paintball på Flatøy. Meland paintball. Alder 8 klasse til 2 videregående skule (vgs)
 - 11.juli - Tur til Ado arena i Bergen. Alder 8 klasse til 2 vgs.
 - 13.juli - Bakekurs i ungdomshuset. Ungdomslaget Von. Alder 1-7 klasse.

 - 17.juli - Bobleball, klatring og andre aktivitetar på Fossemymra. Idrettslaget Kvernbit. Alder 8 klasse til 2.vgs
 - 18.juli - Frisbeegolf på Haltejohansvika frisbeegolfbane, bading og grilling. Frekhaug diskball. Alder 8 klasse til 2 vgs.
 - 20.juli - Aktivitetsdag på Biblioteket. Eksperiment, kahoot etc. Alder 1-7 klasse.

 - 24.juli - Lær å spele golf. Meland golfklubb. Alder 8.klasse til 2 vgs.
 - 25.juli - Bowling i Åsane. Alder 8 klasse til 2 vgs.
 - 27.juli - Lær å spele golf. Meland golfklubb. Alder 1-7 klasse

 - 31.juli - Kano og aktivitetar på Storavatnet. Nordhordland turlag og ungdomslaget Framsteg. Alder 8 klasse til 2.vgs.

Det er viktig at barn og ungdom deltek på aktivitetene innafor trygge rammer. Det er plass til 30-40 barn kvar dag på dei ulike aktivitetane, noko som krev at vi har høgt fokus på sikkerheit. Vi har frivillige vaksne flyktningar og norske som er med og hjelper til - men for å gjennomføre på ein god og trygg måte må vi ansette tre assistentar/ungdomsarbeidarar. Denne funksjonen er viktig i forhold til dei frivillige frå organisasjonane som skal organisere aktivitetane. Det er også ein forutsetning for at vi kan ta med ungdommane og dra inn på aktivitetar i svømmehall og bowling i Bergen. Assistentane vil få ansvar for å organisere gjennomføringa av dagane, ha oversikt over kven som deltek frå dag til dag, at barna kjem seg på bussen til og frå, om nokon av deltakarane har spesielle behov som må takast hensyn til, kontaktperson for foreldra etc. Dagleg leiar på Frivilligsentralen koordinerer heile prosjektet. Nokre av aktivitetane føregår på og i nærleiken av vatn og sjø, noko som krev at vi også har fokus på utstyr.

Aktivitetane som er retta mot ungdommane krev ein del utstyr. Til dømes bobleballar, paintball ballar etc. Denne investeringa er viktig for å byggje opp eit utstyrslaget til aktivitetar for ungdommer som fenger, og som skal brukast når vi har fleire arrangement for ungdommar i målgruppa i andre feriar og til neste sommar.

Dersom tiltaket fremmer integrering, beskriv hvordan

Gjennom å vera aktiv i fritidsaktivitetar skaper ein sosiale møteplassar, bygger nettverk, skaffar seg sosial kompetanse og bygger opp under viktige demokratiske prinsipp. Gjennom deltaking i "Aktiv sommar i Meland" vil barna og ungdommane få kjennskap og kunnskap om ulike organisasjonar og aktivitetar vi har i Meland kommune. Fritidsaktivitetar som kan bli ein viktig arena å delta på for barn som ekskluderes pga av fattigdom og andre sosial årsaker. Gjennom aktivitetar får dei delta i sosiale felleskap som er viktige. Erfaring frå Sommaraktivitetar i Meland har synt oss at barn i målgruppa har funne seg til rette og fått nye vener gjennom aktivitetane. Alle organisasjonene som deltek i sommaraktivitetane vil legge til rette for at barn med utfordringar kan få delta i deira aktivitetar. Tilbodet er gratis for alle inkludert lunsj. Aktivitetane føregår rundt i heile kommunen og i nabokommune Bergen (2 dagar). Det blir satt opp buss transport til dei som ikkje har høve til transport sjølv. Dette er aktuelt for til dømes flyktningar. Slik vil økonomi eller korleis barna blir følgde opp heime ikkje bli synleg.

MÅLGRUPPE

Hvem retter tiltaket seg spesielt mot?

Aktiv sommar i Meland rettar seg mot barn og ungdom som opplever barnefattigdom, barn som veks opp med foreldre med rusproblem eller psykiske vansker, barn med innvandrerbakgrunn og andre barn i Meland.

Aktiv sommar i Meland for barn og ungdom skal ha ei høg grad av sosial integrering. Enkelte av aktivitetane er opne for foreldre til å delta på. Særleg dei aktivitetane som føregår ved sjø. Vi er då særleg opptatt av at foreldre til barn med flyktnings bakgrunn er med. For å gje dei ei felles oppleving og for å gje dei eit innblikk i dei ulike aktivitetane til frivillige organisasjonar.

Hvilke aldergrupper retter tiltaket seg mot?

6-12 år

13-19 år

Retter tiltaket seg spesifikt mot barn og ungdom som vokser opp med foreldre med rusproblemer/psykiske vansker? Nei

Antall jenter i målgruppen som dere forventer vil benytte seg av tiltaket 40

Antall gutter i målgruppen som dere forventer vil benytte seg av tiltaket 40

Antall familiemedlemmer i målgruppen som dere forventer vil benytte seg av tiltaket 20

Antall deltakere utenfor tilskuddsordningens målgruppe som dere forventer vil benytte seg av tiltaket 110

REKRUTTERING OG SAMARBEID

Plan for rekruttering av målgruppen

Frivilligsentralen samarbeider med barnevern, psykisk helse, NAV, flyktingetjenesten, helsestasjonen, skulerådgjevar og PPT gjennom ei knutepunktgruppe. Knutepunktgruppen blei etablert i 2015 og møtes 4 til 5 gonger i året. Dei ulike tenestene som er representert i knutepunktgruppen sørger for å få ut informasjon om tiltaket til familiar i målgruppen. Dei formidlar også påmelding for dei som ønskjer assistanse til det. Det er då høve for ei påmelding opp til 50% av plassane i kvar aktivitet frå desse gruppene. Ved utgang av påmeldingsfristen har barn frå denne gruppa ein fortrinnsrett. Det blir ikkje opplyst vidare om at det har vore ei intern påmelding fyrst, for å unngå stigmatisering. Meland Frivilligsentral har også eit breitt nettverk av frivillige organisasjonar i kommunen og regionen, og kan såleis få ut informasjon om tilbodet på ein breiare måte enn rein kommunal informasjon .

Tilbodet om å delta går ut til alle barn i 1 – 7 klasse i ranselpost og ut til ungdommane gjennom skule og UNG Meland. UNG Meland er eit kommunalt drive tiltak med ungdomskonsulent og klubb arbeider som pådrivarar. Dei jobbar for å få ungdommar sjølv med på etablering av initiativ og aktiviteter. Erfaringane frå i fjor synte at vi når målgruppen. Det blir også annonsert i aviser og nettsidene til kommunen og organisasjonane. Gjennomføring og organisering og kontakt vil gå gjennom tjenesteområde kultur og Meland Frivilligsentral. Frivilligsentralen i Meland har ansvar for å koordinera heile tiltaket.

Oppgi alle samarbeidspartnere og gi en kort beskrivelse av samarbeidet

Knutepunktgruppen er ein viktig samarbeidspart for å nå ut til målgruppen. Dette samarbeidet bidreg til at alle tenestene er oppdatert på tilbodet. Det gir alle høve til innspel på førehand og kvalitetssikring av tilboda. Samstundes formidlar og rekrutterer dei ulike tenestene deltakarar til aktivitetane. I forkant kallar vi inn til møte i gruppa Der blir ulike strategiar og tiltak inn mot aktivitetane vurdert.

Flyktingetenesta - frivilligsentralen har faste møter med flyktingetenesta kvar mandag.
NAV - gjennom knutepunktfunksjonen
Psykisk helse - Frivilligsentralen har møter med denne tenesta to gonger i halvåret. Gjennom knutepunktfunksjonen
Barnevernet - gjennom knutepunktfunksjonen
Helse og sosial - Frivilligsentralen har samarbeidsavtale med denne tenesta og har jevnleg kontakt og prosjekt saman med dei.
UNG Meland - Frivilligsentral har tett kontakt og samarbeid med ungdomskonsulent.
Ungdomsrådet - Ungdomsrådet blir informert om aktiviteten og kjem med uttale.
Frivilligforum – Frivilligforum er ein arena for kontakt med organisasjonar i Meland. To gonger i året inviterer frivilligsentralen og kultur alle lag og organisasjonar til frivilligforum. Her blir ulike tema som angår frivilligheten tatt opp. Dei organisasjonane som har vore med og bidrege til sommaraktivitetar har meldt seg via Frivilligforum.
Frivillige – Vi er heilt avhengig av frivillige for å gjennomføra eit slikt stort prosjekt. I tillegg til alle frivillige i dei ulike organisasjonane har vi med oss frivillige flykningar.
I Meland har Frivilligsentralen og Ung Meland jobba for å få til at frivillige organisasjonar i Meland skal ha ein inkluderingskontakt. Ein «grei person med telefon» som kan kontaktas av barn, unge eller foreldre som treng litt hjelp til å finna fram i lag / organisasjonen. Grunnen til dette kan vera handikap, psykiske fordringar, at ein ikkje er kjend med korleis det frivillige arbeidet føregår, eller det kan være fordi alt er nytt og ein treng ei trygghet i å bli vist rundt og introdusert. Inkluderingskontaktane er også bindeleddet mellom kommunale tenester og organisasjonane. Pr i dag har 36 frivillige organisasjonar i Meland ein inkluderingskontakt.

BUDSJETT

Budsjett

Finansiering	Beløp
Støtte fra Bufdir	240 000
Egenfinansiering	75 000
Evt. egenandel fra deltakere	0
Andre inntekter/tilskudd (spesifiser under)	20 000
Delsum	335 000
<hr/>	
Utgifter	Beløp
Lønn og godtgjørelse til ansatte	150 000
Evt. lønn og godtgjørelse til deltakere	0
Transportutgifter	12 000
Utgifter til inngangsbilletter	7 000
Innkjøp av utstyr (investering)	90 000
Husleie/strøm/renhold	10 000
Andre kostnader (spesifiser under)	50 000
Andre administrasjonskostnader	16 000
Delsum	335 000
<hr/>	
Total	0

Spesifiser eventuelle andre utgifter Alle organisasjonane som er med og bidreg til sommakтивitetar får 2500,- i kursavgift til organisasjonen. Tilsaman utgjer dette 25000,. Utgifter til lunsj 15 dagar for 35 barn pr dag, 8 frivillige og 3 ansatte er ca 18000. Det inkluderar bestilt lunsj nokre av dagane frå Gløde arbeidssenter, smørelunsj og grillmat. Forsikring av barna er rekna til ca 2000. Forsikringa er gjennom kommunen si forsikringsordning. Det er sett av 5000,- til diverse utgifter.

Spesifiser eventuelle andre inntekter Tilskot til styrkja folkehelse og tilbod for barn og unge med nedsett funksjonsevne - kommunale tilskotsmidlar 20000,-

OPPSUMMERING OG BEKREFTELSE

Kort oppsummering av tiltaket Målsetninga med "Aktiv sommar i Meland" er å gje eit ferietilbod til marginaliserte barn og unge som er råka av fattigdom. Tilbodet vil vera åpent 15 dagar i juli frå klokka 10 - 15. Tilbodet er gratis og inkluderar servering av eit måltid kvar dag. Frivillige organisasjonar i Meland står for aktivitetane der barn og ungdom får prøve ut ulike aktivitetar som kan inspirere og rekruttere barn som fell utafor av ulike årsaker til å delta på viktige sosiale arenaer. Vi samarbeider med ulike tenester i kommunen for å nå fram til barn og unge i målgruppa og sikre at dei får delta på tilbodet.

Jeg er kjent med at opplysningene i søknaden er grunnlag for tildeling av tilskudd fra staten, og har satt meg inn i regelverket for ordningen. Jeg bekrefter at opplysningene i søknaden er korrekte, og at jeg er kjent med vår plikt til å melde fra om eventuelle endringer som kan ha betydning for vedtaket om tilskudd. Ja

KOMMENTARER OG VEDLEGG

Her kan du laste opp eventuelle vedlegg til søknaden. 0 vedlegg